



Plan for elevane sitt skulemiljø

Meling skule: 2024-2026

Godkjent i SU/SMU: 19.11.2024

1. Forord

Me har ein visjon:

Meling skule skal vera ein god stad å læra og ein god stad å vera.

Dette er viktige ord for oss og me vil at dei skal ligga som eit bakteppe for det me gjer ved skulen vår. Det er mykje som skal lærast på skulen frå ein startar som spent førsteklassing til ein skal over som elev til ungdomsskulen. Å oppleve trivsel er ein føresetnad for læring. Alle veit at det er vanskeleg å læra når ein har det vondt inni seg. Difor må Meling skule og vera ein god stad å vera. Det skal vera både trygt og godt å gå på Meling skule for alle elevane våre.

Denne handlingsplanen byggjer på tidlegare plan som vart utarbeidd av ei arbeidsgruppe med representantar frå skuleleiing, personalet, foreldre og elevar. Planen er sidan vorte revidert og oppdatert til slik den framstår no, før den vart godkjent i Skulemiljøutvalet (SMU). Han gjeld for både skule, leksehjelp og SFO, for alle elevar og tilsette. Me ønsker at dette skal vera ein levande plan som alle kjenner til, slik at han er med og sikrar at Meling skule er ein god stad å læra og ein god stad å vera.



Elevarbeid frå prosess med visjon

Meling skule
Katrine Hausberg
Rektor

2. Føremål

Ny opplæringslov kapittel 12 omhandlar elevane sitt skulemiljø. Bestemmelsen gjeld for elevane i grunnskulen og den vidaregåande skulen, men og for sfo og leksehjelp. Den er også gjeldande når aktivitetar skjer utanfor skulen sitt område og på skulen sine digitale plattformer.

§12-2 Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring.

Skulen er plikta til å jobba systematisk med skulemiljøet eller læringsmiljøet, som det og vert mykje omtala som. Dette favnar om både det fysiske og det psykososiale miljøet ved skulen. Med psykososialt miljø meiner ein dei mellommenneskelege tilhøva på skulen, det sosiale miljøet og korleis elevane og personalet opplever dette. Skulemiljøet skal ha ein positiv verknad og gje den enkelte elev gode moglegheiter for helse, inkludering, trivsel og læring. Me veit at barn lærer best når dei er trygge og kjenner seg sett, inkludert og forstått. Det er viktig at skulen til ei kvar tid har dette på dagsorden og jobbar med haldningar og har handlingsverktøy til å møte både dei som vert dårleg behandla og dei som behandlar andre dårleg. Vaksne er førebilete og rollemodellar og elevane lærer mykje av dei.

I arbeidet med å utvikle et inkluderende og inspirerende læringsmiljø skal mangfold anerkjennes som en ressurs. Elevene skal lære å respektere forskjellighet og forså at alle har en plass i fellesskapet.

Overordnet del av læreplanverket.

Ingen barn er like og på Meling skule skal det vera rom for å vera seg sjølv. Barn som er trygge på seg sjølv, veit kven dei er og tek seg sjølv på alvor, har betre føresetnader til å læra fagleg.

3. Definisjonar

Forskinga på mobbing (Læringsmiljøsenderet) har endra dei tidlegare definisjonane. Følgjande omtalar er henta frå Utdanningsdirektoratet si satsing *Null mobbing.no* :



Kva er mobbing?

Det kan t.d. vere baksnakking, ryktespreiing, utestenging, å bli pressa eller trua til å gjera ting for andre som ein ikkje vil, å verta kalla noko stygt eller få ein stygg kommentar på t.d. utsjånad, klede, tru eller dialekt. Det kan vidare vere å bli slått, skubba eller pirka på, å få noko ein eig kasta rundt eller å bli utestengd frå grupper på sosiale media. Det kan også vere

å aldri få kommentarar eller likes på bilder el.a., få sårande eller stygge meldingar, bilder og videoar eller at nokon spreiar bilder eller video av nokon som er nakne.

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/mobbing/hva-er-mobbing/>

Elevane i 5.-7.klasse deltek i Elevundersøkinga kvar haust. Der vert mobbing definert slik: *Med mobbing mener vi gjentatte negative handlinger fra en eller flere sammen, mot en elev som kan ha vanskelig for å forsvare seg. Mobbing kan være å kalle en annen stygge ting og erte, holde en annen utenfor, baksnakke eller slå, dytte eller holde fast.*

<https://www.udir.no/tall-og-forskning/brukerundersokelser/sporsmalene-i-Elevundersokelsen/Trygt-miljo/>

Viser og til Bømlo kommune si *Forskrift for ordensreglement* og Meling skule sine *ordensreglar*.

4. Nulltoleranse og systematisk arbeid

Ny opplæringslov §12-3: «Skolen skal ikkje godta krenkjande oppførsel, som til dømes mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Skolen skal jobbe kontinuerlig for at alle elevene skal ha eit trygt og godt skolemiljø.»

Utdanningsdirektoratet seier det slik:

«Skolen skal utvikle inkluderende fellesskap som fremmer helse, inkludering, trivsel og læring for alle. Et raust og støttende læringsmiljø er grunnlaget for en positiv kultur der elevene oppmuntres og stimuleres til faglig og sosial utvikling. Et systematisk arbeid er avgjørende for å skape et trygt og godt skolemiljø.»

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/>

Kva meinast med ein positiv kultur i skulen som grunnlag for dette arbeidet?

«Skolekultur handler om verdier, normer og virkelighetsoppfatninger, og hvordan disse viser seg i praksis i skolehverdagen. Er skolen preget av åpenhet, god kommunikasjon, felles mål og verdier og vilje til å dele erfaringer og kunnskap, har dere større sannsynlighet for å lukkes i arbeidet med å utvikle et trygt og godt skolemiljø»

Udir.no, artikkel datert 01.08.24

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/fremme-et-godt-skolemiljo-og-forebygge-krenkelses/skolekultur/>

Ved Meling skule har me mange førebyggjande tiltak for eit godt skulemiljø som er del av vårt systematiske arbeid på feltet:

På skulenivå:

Kva	Innhald	Når	Ansvar
Tydeleg klasseleiing	Styrke læraren og SFO tilsette som klassen/elevgruppa sin leiar	Heile året	Alle tilsette
Trivselsleiarprogrammet	Elevane vel eigne trivselsleiarar som leiar positiv aktivitet i friminutt.	Matfriminutt gjennom heile året	Administrasjon Lærar med TL-ansvar
Inspeksjon	Synlege vaksne med vestar i friminutt med faste områder	Før skulestart, i alle friminutt, pausar og skulebuss-vakt	Tilsette
Elevrådsarbeid	Faste møter kvar 6.veke med elevrådet, der dei har medverknad og uttalerett i saker som vedkjem elevmiljø	Heile året	Rektor/lærar med ansvar for elevråd
Samarbeid med hjelpetenester	Tett kontakt med brukarorgan, helsesjukepleiar, PPT med fleire	Heile året	Rektor og kontaktlærar
Samarbeid med FAU	Alle foreldre er med i foreldrerådet og alle klassar har FAU-representant	Oppsett møteplan	Rektor/FAU-leiar
Samarbeid med SU	Skuleutval er skulen sitt øverste samarbeidsorgan	Oppsett møteplan	Rektor
Samarbeid med SMU	Skulemiljøutvalet skal arbeida for å auka deltakinga frå elevane, foreldra, skulen og dei tilsette	Oppsett møteplan	Rektor

	i arbeidet med skulemiljøet		
Felles samlingar på tvers av trinna	Sosiale møtepunkt for elevane, alt frå felles turar til aktivitetsdagar	Heile året, sjå eigen aktivitetsplan	Alle tilsette
Fag på tvers av trinn	Musikk timen for 1.-4.tr. er lagt til samme time og gjev rom for fellesøvingar	Etter behov	Lærarar i småskulen
Ressursteam	Tidleg innsats: Førebyggje, teste, gje råd og rettleiing	Jamnlege møter heile året	Skuleleiing og ressurspersonar i personalet og frå PPT
Friminuttsreglar	Felles for alle	Alle friminutt	Elevråd
Samarbeid heim-skule	Sjå punkt 8.	Heile året	
Pedagogisk utviklingsplan (ny mal i 2025)	Samarbeid sett i system og elevinvolvering er satsingsområder	Heile året	Rektor/alle tilsette
Sosiallærer og skulemiljølærer	Ressurs i førebyggjande arbeid og støtte for kontaktlærer	Heile året	Rektor/sosiallærer og skulemiljølærer
Jobbe proaktivt etter <i>Handlingsplan mot vald, trugslar og trakassering</i> i Bømløskulen.	Identifisere, nytte ROS og iverksette tiltak for å forebygge	Heile året	Alle tilsette

På klassenivå:

Kva	Innhald	Når	Ansvar
Klassereglar (Ut frå ordensreglar)	Elevane er med og utformer eigne klassereglar. Positivt formulert, få og konkrete.	Skulestart	Kontaktlærer

Elevundersøking/ Spekter (eiga ikkje anonym og frivillig undersøking laga av Læringsmiljøsenderet)	Evaluering i fellesskap. Spekter brukt der mobbing vert avdekka	Haust	Rektor/ kontaktlærer
Klassemøter/klassens time	Positivt fokus, arbeid med det psykososiale skulemiljø & klassemiljøet	Månadleg	Kontaktlærer og elevrådsrepresentantar
Morgonsamling/ adventssamling	Førebu og gjennomføre morgonsamling	Oppsett plan	Kontaktlærer
Julefest 2. og 6.klasse	Førebu og gjennomføre framsyning	Desember	Kontaktlærarar
Klassekontaktar	Aktivt samarbeid med kontaktlærar	Etter behov	Kontaktlærer
Klasseforeldremøter	Informasjon og dialog om klassemiljø	Haust og vår	Kontaktlærer
Leirskule for 7.klasse (avtale med Gullingen)	Førebu, reise og gjennomføre 4 overnattingar	Vinter/vår	Rektor og kontaktlærer

På elevnivå:

Kva	Innhald	Når	Ansvar
Elevsamtale	Elevsamtalen skal omhandle trivsel og eleven sitt fysiske- og psykososiale skulemiljø	Etter rulleringsplan. Timeplanfesta tid for alle kontaktlærarane.	Kontaktlærer
7.klasse	Positive rollemodellar, samtale med rektor	Tidleg haust	rektor
Utviklingssamtalar	Samtale om eleven si faglege og sosiale utvikling med føresette/elev	Haust og vår. Eigen mal/skjema utarbeidd og revidert av lærarprofesjon.	Kontaktlærer

Fadderordning	5.klasse er fadrar for 1.klasse, ordninga held fram vidare i skuleløpet	Ved skulestart og jamnleg utover året.	Lærarane 1. og 5. trinn
Læringsven	Elevinvolvering gjennom bruk av læringsven	Systematisk og medveten bruk i undervisninga på alle trinn.	Lærarane

5. Plikt til å sikre eit trygt og godt psykososialt skolemiljø (aktivitetsplikt og dokumentasjonsplikt) - §12-4 i Opplæringslova

*Alle som arbeider på skolen, skal **følgje med** på korleis elevene har det og om mogleg **gripe inn** dersom nokon krenkjer ein elev. Alle som arbeider på skolen, skal **melde frå** til rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Det gjeld også når ein elev seier sjølv at ho eller han ikkje har det trygt og godt. Skolen skal snarest undersøkje saka og rette opp situasjonen med eigna tiltak. Rektor skal melde frå til kommunen (...) i alvorlege tilfelle.*

Les på udir: [Hva er et trygt og godt skolemiljø? | udir.no](https://udir.no)

Utdanningsdirektoratet seier dette om dei ulike delpliktene:

Plikten til å følge med

Alle som jobber på skolen har plikt til å følge med på at elevene har et trygt og godt skolemiljø.

Plikten til å gripe inn

Alle som jobber på skolen har plikt til å gripe inn mot krenkelser (som mobbing, vold, diskriminering og trakassering) og stoppe det med en gang hvis mulig.

Plikten til å varsle

Alle som jobber på skolen har plikt til å melde fra ved å varsle rektor ved mistanke eller kjennskap om at en elev ikke har det trygt og godt. Rektor skal varsle skoleeier i alvorlige tilfeller.

Plikten til å undersøke

Skolen har en plikt til å undersøke saken. Skolen skal undersøke hvordan eleven har det og hva som er skjedd.

Plikten til å sette inn tiltak

Skolen har plikt til å sette inn egnede tiltak. Skolen skal rette opp situasjonen med egnede tiltak og lage en skriftlig plan for tiltakene.

6. Aktivitetsplikt og skulen sin skriftlege plan

Alle tilsette har aktivitetsplikt. Ved Meling skule skal alle elevar og føresette oppleve å bli tatt på alvor om dei kjem til skulen med bekymring om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Det er naturleg å først ta det opp med sin kontaktlærer. Det kan og vera at ein kjenner til at andre elevar ikkje har det så bra. Vi prøvar alltid å løyse utfordringar på lågaste nivå. Stort sett er det fleire sider av ein sak. Om ein ikkje opplev å bli høyrte, må ein melde frå til skulen sin leiar. Alle - både elev – føresette – tilsette kan varsle på nett ved hjelp av Skulemiljøknappen Retten til eit trygt og godt skulemiljø - Bømlo kommune. Då går meldinga direkte til rektor og fører til vidare handling.

Det er eit viktig prinsipp for handtering at problem vert løyst på lågast mogleg nivå så tidleg som mogleg. Føresette tar først opp saka med kontaktlærer og dømme kan vera konfliktar mellom elevar som vert løyst der og då. God klasseleiing og relasjonskompetanse er ein føresetnad for eit godt skulemiljø for alle.

Om ein tilsett får mistanke eller vert kjent med at ein elev ikkje har det trygt og godt, *er det i seg sjølv* nok til at det er per definisjon ein skulemiljøsak, som skulen må undersøke, for å avdekke om det er behov for å sette inn tiltak og lage aktivitetsplan. Skulen brukar veilederen.no sin mal for aktivitetsplan/tiltaksplan i skulemiljøsakar.

Skolen må dokumentere skriftlig hva de gjør for å sørge for at elever har det trygt og godt på skolen. De må dokumentere hvordan de følger opp tiltaksplanen, involverer elever og tar hensyn til elevens beste. Planen skal være skriftlig og være skrevet i et format som kan tas ut og gis til Statsforvalteren, hvis behov for det. (Udir)

I planen skal det stå:

- a) *kva problem tiltaka skal løyse*
- b) *kva tiltak skulen har planlagt i samråd med involverte elever*
- c) *når tiltaka skal gjennomførast*
- d) *kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka*
- e) *når tiltaka skal evaluerast.*

Barn er sårbare og ulike. Enkelte elevar kan vera trygge og godt rusta i samhandling og kommunikasjon mellom vaksne - elev og elev – elev, andre ikkje. Det er eleven sjølv som sit med svaret på om dei opplever eit trygt og godt skulemiljø. Difor skal skulen sikre at eleven si subjektive oppleving kjem fram, og at eventuelle tiltak vert sett i gong så raskt som mogleg. Her må det forankrast i opplæringslova, barns beste og barn si medverknad.

Skulen sitt system for avdekking:

Oppgåve	Ansvar for oppfølging
Eleven sitt psykososiale miljø er tema på elev-/utviklingsamtalane. Kontaktlærer fangar opp og melder frå til rektor.	Kontaktlærer/rektor
Elevundersøking 5.-7.trinn.	Kontaktlærer/rektor
Spekter i klassar der det er mistanke om mobbing.	Kontaktlærer
Dagleg inspeksjon og anna observasjon der alle har aktivitetsplikt.	Alle tilsette
Tema på storforeldremøte, klasseforeldremøte, elevråd og skulemiljøutval.	Rektor, sosiallærer, kontaktlærer og lærar med ansvar for elevråd
Skulehelsetenesta	Helsesjukepleiar/rektor
Tett samarbeid SFO-skule	SFO-leiar /lærar
Varsling via skulemiljøknappen, https://www.bomlo.kommune.no/tenester/skule-og-oppvekst/meling-skule/	Rektor

Fasar for problemløysing:

	Oppgåve	Ansvar	Dokumentasjon
1	Observere og undersøke straks	Rektor/tilsette	Skjema via skulemiljøknappen Logg

2	Samtale med utsett elev. Skulen skal sikre og leggje vekt på eleven si oppleving av skulemiljøet. Har elev forslag til løysing?	Rektor/tilsette	Logg
3	Samtale med føresette. Skulen er ansvarleg for eit godt samarbeid.	Rektor/tilsette	Logg
4	Samtale med elev som krenker. Dersom det er fleire elevar, skal det vera samtale med ein og ein. Mål: stoppe åtferd straks. Gjere avtalar om oppfølging.	Rektor/tilsette	Logg
5	Samtale med føresette til elev som krenker. Skulen er ansvarleg for eit godt samarbeid.	Rektor/tilsette	Logg
	Punkt 1-5 er undersøkingsfase og vert gjennomført i løpet av 1-2 dagar.	Rektor/ kontaktlærer	
6	Rektor/kontaktlærer vurderer vidare tiltak. Viktig å sørge for at involverte elevar blir høyrde. Grunnleggjande omsyn er barna sitt beste og skal takast med i vurderinga.	Rektor/ kontaktlærer	
7	Rektor/kontaktlærer utarbeider skriftleg aktivitetsplan for vidare tiltak.	Rektor/ kontaktlærer	Skriftleg plan, punkt 1-5 vert tatt med.
a	Planen skal vise kva problem tiltaka skal løyse.	Rektor/ kontaktlærer	Skriftleg plan
b	Planen skal vise kva tiltak skulen har planlagt.	Rektor/ kontaktlærer	Skriftleg plan
c	Planen skal vise når tiltaka skal gjennomførast.	Rektor/ kontaktlærer	Skriftleg plan
d	Planen skal vise kven som er ansvarleg for gjennomføring av tiltaka.	Rektor/ kontaktlærer	Skriftleg plan
e	Planen skal vise når tiltaka skal evaluerast.	Rektor/ kontaktlærer	Skriftleg plan
7	Evaluering og skriftleg dokumentasjon av tiltak. Tiltak er tidsbegrensa og må følgast opp. Det må vurderast trong for nye tiltak. Målet med tiltaka er at eleven skal oppleve å ha det trygt og godt på skulen. I saker som gjeld Opplæringslova §12 skal føresette til involverte elevar informerast.	Rektor/ kontaktlærer	Evt.ny undersøkelsesfase 1-5

8	Sanksjonar/konsekvens Må vera i tråd med skulen sitt ordensreglement. Bruk av sanksjonar må dokumenterast. Om sanksjonane er inngripande må skulen fatte eigne enkeltvedtak.	Rektor Evt. skulebyte må avgjerast av kommunalsjef	Referat/ enkeltvedtak
9	Oppfølging av involverte. Situasjonen må følgast framover	Rektor/tilsette	Skriftleg plan
10	Dersom ein ikkje får løysing: Saka må løftast til å dra eksterne partar inn, t.d.: ressursteam, PPT, barnevern, politi, konfliktråd	Rektor, evt. kommunalsjef	Referat

7. Systematisk arbeid: viser rutinar ved skulen

	Oppgåve	Tidspunkt	Ansvar
1	Personalet gjennomgår Plan for elevane sitt skulemiljø og skulen sine rutinar for §12	Ved skulestart	Rektor
2	Planar og tiltak er levande verktøy i kvardagen og kjende for alle	Gjennom heile skuleåret	Rektor/tilsette
3	Opplæring og informasjon til alle tilsette	Ved skulestart og etter behov	Rektor
4	Informasjon til føresette	Kvar haust	Rektor/kontaktlærer
5	Skulen analyserer førebyggjande og haldningsskapande arbeid. Evaluering i personalmøter, elevråd, FAU og skulemiljøutval	Kvar vår	Rektor
6	Elevundersøking	Hhaust	Rektor/kontaktlærer
7	Oppsummering etter elevforeldresamtalar vert levert til rektor. Funn vert undersøkt og følgt opp.	Hhaust og vår	Rektor/kontaktlærer
8	Aktivitetsplan som støttar/bygger opp om eit trygt og godt skulemiljø	Oppstart skuleår	Rektor/kontaktlærer
9	Elevråd jobbar aktivt med eit trygt og godt skulemiljø	Jamnleg	Elevrådsleiar/lærer

10	Storforeldremøte		Rektor/FAU-leiar
11	Pedagogisk årsmelding som m.a etterspør det psykososiale elevmiljøet.	Vår	Kommunalsjef

8. Samarbeid heim-skule:

Me ønsker det skal vera låg terskel for å ta kontakt. Me vil vera lyttande og ta på alvor det som vert fortalt oss om elevane si oppleving av sitt skulemiljø. Elevane sitt skulemiljø er grunnleggande for trivsel og læring ved skulen og eit godt samarbeid heim- skule bygger opp under dette. Alle elevar har ein kontaktlærer som er det naturlege bindeleddet mellom heim-skule.

Alle tilsette ved skulen har også eit ansvar for og er oppteken av at alle elevar skal ha eit trygt og godt skulemiljø. Alle tilsette har ei handlingsplikt. På Meling skule snakkar me ikkje om min elev, men om våre elevar.

Alle foreldre og føresette ved Meling skule er med i foreldrerådet. Kvar klasse vel klassekontaktar, men og representantar til FAU. For å lese om FAU-arbeid og retttar er føresette anbefalt å gå til <https://foreldreutvalgene.no/fug/>. Meling FAU har eigne møtar og referat frå møta sendast rektor for så å bli delt foreldra på Vigilo.

På Utdanningsdirektoratet og Foreldreutvalget for Grunnopplæringen (FUG) sine sider kan ein finne nærare informasjon om prinsipp for samarbeid mellom heim-skule, om foreldre si rolle og om skulen si rolle og ansvar:

[Samarbeid mellom heim og skole | udir.no](#)

<http://www.fug.no/>

Skuleutvalet er skulen sitt overordna samarbeidsorgan, og har rett i å uttale seg i alle saker som gjeld skulen. Ved kvar grunnskule skal det vere eit skulemiljøutval. I SMU skal elevane, foreldrerådet, dei tilsette, skuleleiinga og kommunen vere representert, men elevane og foreldra/føresette skal vere i fleirtal. SU kan sjølv vere SMU, og må då setjast saman slik at foreldra og elevar til saman har fleirtal.

Skulemiljøutvalet skal arbeida for å auka deltakinga frå elevane, foreldra/føresette, skulen og dei tilsette i arbeidet med skulemiljøet. Utvalet skal gi råd til skulen i arbeidet med skulemiljøet. Skulemiljøutvalet kan òg be skulen setja inn tiltak for å betra det fysiske og det psykososiale miljøet på skulen.